

11/426-30
008

MOTTATT
23 SEPT 2011
SPRÅKRÅDET



**DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT**

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 Oslo

Dykkar ref

Vår ref
2007/04634 KV IE:amb

Dato
20.09.2011

Godkjenning av nytt rettskrivingsystem i nynorsk

Vi viser til brev av 26. mai 2011 med tilråding om ny rettskriving for nynorsk.

Departementet legg vekt på at eit samrøystes styre i vedtak 20. mai 2011 har slutta seg til framlegget frå den rettskrivingsnemnda som har førebudd saka. Vi har merkt oss at styret på prinsipielt grunnlag ikkje har funne det tenleg å gjera ei nærmare vurdering av delar eller detaljar i framlegget frå nemnda, men sluttar seg til dette på alle punkt.


Departementet har motteke ein del merknader både av prinsipiell og meir detaljert art etter at vi fekk saka oversend frå styret. På bakgrunn av den prosessen som har vore og den måten saka er førebudd og behandla på i regi av Språkrådet, har departementet ikkje funne at desse gir grunnlag for å trekkja ein annan konklusjon enn den styret har rådd til.

Departementet godkjenner derfor den nye nynorskrettskrivinga slik ho er presentert i innstillinga *Ny rettskriving for 2000-talet – Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet*, datert april 2011. Departementet fastset at den nye rettskrivinga skal ta til å gjelda frå 1. august 2012.


Godkjenningsvedtaket byggjer altså på styrevedtaket av 20. mai 2011. I pkt. 6 i dette vedtaket heiter det at Språkrådet også vil fastsetja ei tilrådd norm for nynorsk. Det går fram at dette er meint å vera eit tilbod til dei som kan ha behov for kyndig hjelp når dei må ta stilling til kva former dei skal nytta der det finst fleire valfrie former innanfor den godkjende rettskrivinga. Sidan det her er tale om eit eventuelt frivillig tilbod, har ikkje departementet funne det naturleg å ta stilling til dette i samband med godkjenninga av

rammene for den obligatoriske rettskrivinga. Spørsmålet kan eventuelt drøftast som ledd i det enno ikkje avslutta arbeidet med å utforma meir detaljerte normeringsfullmakter for Språkrådet slik som omtalt i kap. 8.4.3 i språkmeldinga, jf. St.meld. nr. 35 (2007–2008). Departementet vil i første omgang ha ein nærmare dialog med Språkrådets styre om innhaldet i desse fullmaktene.

Med helsing



Roy Kristiansen e.f.
ekspedisjonssjef



Christine Hammen
avdelingsdirektør